Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Balestrand

Emne: Musikkinstrument

Bygdelag: Strondi

Oppskr. av: A. Skåsheim

Gard: Skåsheim

(adresse): Balestrand

G.nr. 5 Br.nr. 1 –

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, noko. –

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Bonde Johannes Skaasheim, 73 år –
Fru Brita Skaasheim, 70 " } Balestrand

SVAR

1. Ukjent her.

2. Halmpipa laga dei um haustane i skurden. Dei skar av eit stort og godt halmstrå ved eit kne (halmfeste) Med kvass kniv skar dei hol på halmstrået – og skar laus ei liti flerra (kvar sida) imellom mot kneet. Flerra hang fast i endan mot kneet. Når dei so bles i halmstrået opna flerra seg. Det gav kvass, sterk ljod.

Dei laga pipor av gjeitaule. Det vart sterkt og meir ljomande læte. Det kunde vera mykje nytta.

Dei bles i lukkepipor i store pipelukklar, som dei ofte hadde på seg.

Slike læte kunde verta nytta til åtvaringar eller vitringar til folk som var eit stykke ifrå,

6947

so det kunde vera vandt å høgra vanlege rop.
Lote frå pipeluklor kunde høgrast langt.
3. Dei hadde ei rangla laga av eine – med ei sterk spil som gjekk inn på ein hakestokk. Rangla sveiv um ein stav. Når dei veiva med staven for rangla i ring um staven og einespili small knasst so det laga høg larm, når dei svinga staven fort. Dette brukte dei serleg til å skræma vanabeist som braut gardane.
4 Til gaman – serleg av gutungar fekk dei fram smell med å slå hol i eit blad dei lagde millom tommelfingen og peikefingen på vinstre handi.
Det kunde verta høg smell. Dei bles luft i ein pose, heldt godt att opningi av posen og slog han mot fast underlag. Det small som eit litet skot.
Dei bles luft i blåklokkor og revabjellor, heldt opningi fast i klypa og slog til med den andre handi. Det gav liten smell.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

Dei lagde harde neler på ambolten og slog til med ein hamar. Det small fint Dei hadde store svepor som var var lange og mjuke - med lang mjuk reim - eller band i. Det small knasst ved ein sterk rykk i svepa. Dei brukte det til å skræma eller jaga hestar - og andre dyr.

Ved jólelid lagde dei neler i elden. Det vart småe knall.

Når dei jagde seine eller tråe dyr - eller når dei vilde verja seg mot eit dyr hadde dei ofte ein lang mjuk tein av hassel, selja eller raun.

Når dei svinga teinen sterkt vart det ein sjugande - eller kvinande ljod som mange dyr var radde. Dei nemnde det ofte ei jagesvepa. Ho kunde gjera like stor nytte som ein snøgg hjelpes-mann.

Ved brudlaups skaut dei med gevær. No skyt dei

6947
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

med dynamitt- og kanon-
slag.

Nyårsafta var det vanleg skikk at dei skaut minst 3 – 6 eller 9 mineskot. Dei „skaut inn" det nye året.

Meiningi med det var noko uklår. Men dei trudde det kunde fylgja lukka med det.

Den meining at det skulde vera vern mot noko vondt- tykkest drive mot å vera komi burt.

5. I slutten av 1800 ~~åri~~ hadde budde tvo gamle fiskarar på kvar si sida av ein smal fjord.

Tankane deira var fulle av ootru – og den eine synte ofte ei undarleg framferd. Når det var myrkt um haustkveldane – og han høyrde den andre fiskaren på hi sida av fjorden setle ut båt og tok til å arbeida – gav han undarlege ljod og tonar. Det skulde vera ei slag meinråd til å hindra fiskelukka for den andre.

21/4 1952 A. Skåsheim

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING